

Inga avklaring – alt i spinn

17.09.2011

**– Alt er i spinn i kvinnheradpolitikken nett no, sa ei sentral kjelde til *HusnesNett* seint i går kveld.
Ei veke etter valet er dei ulike partia ikkje komne til noko semje, korkje om valteknisk samarbeid eller om politikken dei neste fire åra.**

I dag, laurdag skal Høgre og Arbeidarpartiet møtast i Rosendal for å drøfta eit mogleg samarbeid.

Sidan kommunevalet mandag har det vore både konkrete drøftingar og også det som politikarane karakteriserer som sonderingar partia imellom. Men til laurdag morgen låg det ikkje føre noko konkret.